



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Ove Oppedal
Øvre Elvebakken 22
5363 ÅGOTNES

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/4294	26/807	GBNR- 31/139, K2- M55	24.08.2026

Saksnr.	Utvalg
147/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 31 bnr 139 - Steinsetbygdvegen 1385

Tiltak:	Avløpsanlegg	
Byggested:	Gbnr: 31/139	Steinsetbygdvegen 1385
Tiltakshaver:	Ove Oppedal	
Ansvarlig søker:	Va - Prosjekt & Anlegg As	

Vedtak

Etnedal kommune gjev løyve til etablering av avløpsanlegg for gråvatn frå fritidsbustaden på gnr. 31 bnr. 139. Anlegget skal bestå av ein slamavskiljar på minst 2 m³ og infiltrasjon i stadeigne massar på eigen eigedom.

Løyvet gjeld utslepp av gråvatn frå éin fritidsbustad, inntil 5 personekvivalentar (pe) og ei dimensjonerande vassmengd på inntil 600 liter per døgn. Løyvet omfattar ikkje utslepp av toalettavløp.

Utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5 og *Forskrift om utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg som ikke overstiger 50 pe, Etnedal kommune.*

Vilkår for løyvet

- Avløpsanlegget skal etablerast i samsvar med søknaden og gjeldande forskrift.
- Løyvet gjeld berre for utslepp av gråvatn frå éin fritidsbustad med ei belastning på inntil 5 pe og for løysinga som er vist i godkjent situasjonskart og prosjektering. Toalettavløp skal ikkje førast til anlegget.
- Dersom belastninga seinare blir auka, eller anleggstype, plassering eller utsleppspunkt blir endra, fell dette løyvet bort. Det må då sendast inn ny søknad om utsleppsløyve, og

Besøksadresse:
Kyrkjevegen 10

Postadresse:
2890 Etnedal

Telefon:
61 12 13 00

Organisasjonsnummer:
933 038 173

E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no
www.etnedal.kommune.no

det må prosjekterast og etablerast eit avløpsanlegg som tilfredsstiller krava i gjeldande forskrift.

- Anleggseigar er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget.
- Slamavskiljaren skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømmesystem og tømmast i samsvar med gjeldande tømmeordning.
- Gråvatnet skal før infiltrasjon førast gjennom ein slamavskiljar med våtvolum på minst 2 m³. Infiltrasjonsanlegget skal etablerast som ei 8 meter lang infiltrasjonsgrøft med filterflata om lag 0,5 meter under terreng.
- Endeleg plassering av slamavskiljar, leidningar og infiltrasjonsgrøft skal vere innanfor gnr. 31 bnr. 139 og tilpassast avklaringa av eigedomsgrensa mot naboeigedomane. Anlegget skal ikkje plasserast slik at det kjem i konflikt med grensa eller råkar naboen sine interesser.
- Tilkomst for tømning skal tilfredsstille krava til køyreveg, avstand og høgdeskilnad.
- Kommunen kan krevje tilkopling til offentleg vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir etablert i området.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan tre år eller blir stansa i meir enn to år.

Som ansvarleg søker er VA-Prosjekt & Anlegg AS, org.nr. 915 965 512, ansvarleg for samordning av dei ulike oppgåvene knytt til tiltaket og skal sjå til at alle oppgåver er belagde med ansvar.

Saksopplysninger

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5, lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg i Etnedal kommune og plan- og bygningslova.

Informasjon om saka:

VA-Prosjekt & Anlegg AS har på vegne av tiltakshavarane Irene Huse og Ove Oppedal søkt om utsleppsløyve for gråvatn i samband med at det skal leggjast inn vatn i fritidsbustaden på gnr. 31 bnr. 139. Eigedomen ligg i Steinsetbygdvegen 1385. Søknaden gjeld éi eining og inntil 5 pe.

Planlagt løysing er ein slamavskiljar på minst 2 m³ med etterfølgjande infiltrasjon i stadeigne massar. Anlegget er dimensjonert for 600 liter per døgn. Infiltrasjonsanlegget er prosjektert som ei 8 meter lang grøft med filterflate om lag 0,5 meter under terreng.

VA-Prosjekt & Anlegg AS, org.nr. 915 965 512, har erklært ansvar for prosjektering av avløpsanlegget i tiltaksklasse 1. Rørlegger Ove Oppedal, org.nr. 954 841 480, har erklært ansvar for utføring av avløpsanlegget i tiltaksklasse 1.

Naboen på gnr. 31 bnr. 11 har samtykt til tiltaket. Naboen opplyste samtidig at det er bestilt oppmåling av tomta, og bad om at plasseringa av slamavskiljar og grøft blir avklart etter oppmålinga av omsyn til gnr. 31 bnr. 152. Dette er følgt opp med vilkår om at endeleg plassering skal vere innanfor gnr. 31 bnr. 139 og tilpassast avklart eigedomsgrense.

Grunngjeving

Det er søkt om utsleppsløyve for etablering av eit nytt avløpsanlegg for gråvatn til ein eksisterande fritidsbustad. Løyvet er vurdert med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 12, lokal forskrift om mindre avløpsanlegg, naturmangfaldlova §§ 8-12, vassforskrifta § 12, kulturminnelova § 3 og plan- og bygningslova kapittel 27 og 30.

Arealbruk og lokalisering

Eigedomen ligg i LNFR-område med eksisterande fritidsbustad. Tiltaket omfattar eit mindre, nedgrave avløpsanlegg på eigen eigedom og medfører ikkje endra arealbruk utover dei tekniske installasjonane som er nødvendige for avløpsløysinga.

DOK-analysen frå 24.08.2026 viser at tiltaksområdet ligg i eit registrert friluftslivsområde og i det verdifulle kulturlandskapet Steinsetbygda. Kommunen vurderer at eit nedgrave gråvassanlegg knytt til eksisterande fritidsbustad ikkje vil medføre vesentleg negativ påverknad på friluftsliv- eller kulturlandskapsinteressene når terrenginngrepet blir avgrensa og terrenget blir sett i stand etter anleggsarbeidet.

FKB-AR5 viser bebygd areal og skog med låg og middels bonitet i analyseområdet. Tiltaket er avgrensa til slamavskiljar, leidningstrase og infiltrasjonsgrøft. Kommunen vurderer derfor at tiltaket ikkje vil medføre vesentleg nedbygging eller driftsmessig ulempe for landbruksareala, føresett at terrenginngrepet blir avgrensa til det som er nødvendig.

Vegtilkomst og tilgjenge for tømming

Etter visuell vurdering av kartgrunnlaget er det etablert køyreveg fram til eigedomen. For å oppfylle krava i forskrift om tømming og tilsyn av mindre avløpsanlegg i Valdres skal det vere køyrbar veg fram til anlegget, avstanden frå oppstillingsplass for tankbil skal ikkje overstige 15 meter og høgdeforskjellen skal ikkje overstige 5 meter. Tiltakshavar har ansvar for at desse krava er oppfylte ved ferdigmelding.

Naturmangfald (nml. §§ 8-12)

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 som tilstrekkeleg. Gjennom DOK-analysen og innsend dokumentasjon ligg det føre eit oppdatert og tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga.

DOK-analysen viser ikkje konflikt med registrerte naturtypar, utvalde naturtypar, artar av nasjonal forvaltningsinteresse eller naturvernområde. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier derfor ikkje at tiltaket skal avslåast. Det er heller ikkje dokumentert forhold som tilseier at tiltaket vil medføre uakseptabel samla belastning på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10. Krava i §§ 11 og 12 er ivaretekne ved at tiltakshavarane er ansvarlege for kostnadene og skal nytte ei driftsmessig og miljømessig forsvarleg løysing.

Vassmiljø og kulturminne

NGU sitt lausmassekart viser usamanhengande eller tynt morenedekke over berggrunnen og klassifiserer området som lite eigna for infiltrasjon. Samtidig ligg det føre stadleg infiltrasjonstest frå 28.07.2026 med målt infiltrasjon på om lag 6-8,4 cm per minutt. Kommunen legg størst vekt på den stadlege undersøkinga, då denne gir eit meir presist

grunnlag for vurderinga av den konkrete anleggsplasseringa enn regionale lausmassedata. DOK-analysen viser at marin leire stort sett ikkje finst i området.

DOK-analysen viser eit registrert grunnvassborehol om lag 0,2 km frå analyseområdet, medan søknaden opplyser at det ikkje ligg brønnar i sjølve utsleppsområdet. Anlegget gjeld berre gråvatn og skal plasserast og utførast slik at drikkevasskjelder ikkje blir forureina eller får redusert vasskvalitet.

Området inngår i verneplan for vassdrag. Næraste registrerte vassførekomst ligg om lag 0,3 km unna. DOK-analysen og kartgrunnlaget viser dreneringslinjer og vassdrag i nærområdet. Kommunen legg til grunn at infiltrasjonsanlegget blir etablert i samsvar med prosjekteringa og slik at ureinsa avløpsvatn ikkje blir leia direkte til overflatevatn.

DOK-analysen viser ikkje automatisk freda kulturminne innanfor sjølve tiltaksområdet. Næraste registrerte kulturminne ligg om lag 0,1 km unna. Dersom det under arbeidet kjem fram automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og kulturminnestyresmakta varslast, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at det omsøkte gråvassanlegget vil gi tilfredsstillande rensing og ikkje medføre uakseptabel risiko for drikkevatt eller forringing av vassmiljøet. Føresetnaden er at anlegget blir etablert og drive i samsvar med godkjend søknad, prosjektering og vilkåra i løyvet. Tiltaket er elles vurdert å ikkje vere i strid med friluftsliv, kulturlandskap eller andre allmenne interesser.

Gebyr

Søknaden gjeld eigedom i LNFR-område. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve er derfor kr 6 500,- i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan i medhald av forvaltningslova §§ 28-36 klagast på. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er gjort kjent for dykk. Klaga skal sendast skriftleg til Etnedal kommune. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir saka sendt til klageinstansen for endeleg avgjerd. De har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Rådgiver

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.